



Bogdan Bakowski er ein erfaren bruarbeidar, her framfor Skulebrua

Det er ikkje berre Hauglandsbrua som vert renovert no om dagen. Det skjer også med ei viktigare bru, den i sentrum som til dagleg kallast Skulebrua sjølv om det offisielle namnet er Uskedalen bru. Det er spesialfirmaet BMO entreprenør i Kongsberg som også har denne jobben. Dei har brujobbar landet rundt.

Jobben på Uskedalen bru omfattar mellom anna montering av nytt rekkverk, sandblåsing, reparasjon av betongdekke og ymse arbeid under brua som dei førebels ikkje har oversikt over. Det opplyser Bogdan Bakowski som klargjer utstyret før jobben startar for alvor.

Polakken er ein av spesialarbeidarane i BMO som er på farten frå nord til sør i sitt nye fedreland, No har han 12 år bak seg her i landet.

Firmaet er allereie godt igang med jobben på Hauglandsbrua som vart stengd 1. april slik at all trafikk vert dirigert over på den kommunale vegen på andre sida av dalen. Stenginga skal i fyrste omgang vare i 2 veker.

Statens vegvesen får mange rosande ord for det brulyftet dei no tek her i dalen. Mange håpar at intensivert asfaltering vert det neste.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Hauglandsbrua er stengt under rehabiliteringa